



Ungdommen surfar på Stad,
eldrebølga surfar på
nettbrett.

SENTRALBORD 57 88 53 10
TIPSTELEFON 951 74 910



vakt

Yngve Tolaas
lf.: 909 65 389

Alder inga hindring

FRITID

Per Ole Lefdalsnes
redaksjon@fjordablaget.no

Åtte ivrige og lærevillige seniorar deltek i datakurset som Seniornett Eid står bak. Den eldste er 92 år.

Seniornett Eid blei skipa i 2011, og mest heile tida sidan har Solgunn Leivdal vore leiar og inspirator. Ho har hatt god hjelp av Astrid Grete Torheim i Eid Frivilligsentral.

Leivdal fortel at det er avvikla i alt tre kurs i år, og på det kurset som no går kvar torsdag på Kringla, er andre samling, av i alt fire, godt i gang. Utgangspunktet for å starte desse kursa er at mange eldre slit i datasamfunnet, og at interessa for å lære og meistre datateknikken er stor. Seniornett Eid har 56 medlemmer, og dei deltek i kurs eller på datakafeen på Kringla. Ein startar med det heilt elementære som av- og pålogging, og går vidare med sentrale tema som bruk av epost, lesing av nettaviser, bruk av Facebook, bruk av nettbank og dei ivrigaste kan til og med lære seg bruk av photoshop.



Deltakarane på Eid Seniornett sitt datakurs. Til venstre: Bjørg Lindvik, Britt Nes Hjelle, Inge Grinde og Laila Grinde. Til høgre: Einar Olsen, Ester Englund, Anne-Lise Dahlgren, Daniel Lågeide (hjelpelærer) og Johan Skorge.



Solgunn Leivdal har vore med i styret for Seniornett Eid frå starten. Mest heile tida som leiar og inspirator.



Johan Skorge er med sine 92 år den suverent eldste på kurset. Han var heilt blank i starten, men gler seg no over å kunne google, lese nettaviser og etter kvart bruke nettbank.



Lill Berg Nordheim er lærar på datakurset.